

Tertialrapport 1/19 – Konesjonskraftomsetjing

	2019	2020	2021	2022	2023
Budsjett 2019/Øk.plan 20-23	70,0	60,0	60,0	62,0	62,0
Ny prognose T 1/19	70,0	70,0	65,0	65,0	65,0
Endring	0	10,0	5,0	3,0	3,0

Føresetnader Budsjett 2019/økonomiplan 2020-2023:

Budsjettføresetnadane for 2019/ økonomiplan 2020-2023 er basert på marknadsprisar og valutakursar per hausten 2018 og kjend konesjonskraftmengde i 2018 - 349 gwh. Kostnadane med kjøp av konesjonskraft inkl. innmatingsavgifter var berekna til 13,5 øre/gwh. (11,42 + 2,08). Kostnader med bistand Markedskraft, kommunekraft, ulike gebyr etc. er berekna til 1 mill. kr.

For året 2019 skal vi - etter vedteken normalsikringsstrategi for kraftsal – ha pris- og valutasikra 80 % av tilgjengeleg volum ved inngangen til budsjettåret. Jf. sikringsstrategien pkt. 5, 4 kulepunkt skal fylkeskommunen:

«ved inngangen til kvart kvartal skal ein være ajour med normalstrategien sitt volum. Ein kan altså ikkje ligge med avik frå normalstrategien gjennom eit kvartal som er i levering»

Pr. 30.04.19 er andel pris- og valutasikra volum 72,85 %. Ved inngangen til 2. kvartal 2019 ligg vi på normalstrategien sitt volum. Det gjenstår noko sikring i 3/4. kvartal 2019.

Ny prognose 2019

Ny prognose for konesjonskraft byggjer på marknadsprisar og valutaprisar pr. 30.april 2019. Prisbilete for 2019 er om lag slik det var ved budsjetteringstidspunktet, dvs pr. 01.09.18.

Den nye prognosen byggjer vidare på faktisk mengde konesjonskraft for 2019 - 366 gwh – ein auke på 18 gwh i høve budsjett 2019. Auken skuldast i hovudsak at planlagd auka uttak i Aurland kommune på 30 gwh frå 01.07.2018 (med heilårseffekt i 2019) er reversert. Fylkesrådmannen er i dialog med Aurland kommune om at dette vert finansielt avrekna etter årsskiftet. Det er elles nokre kommunar som for 2019 har auka sitt uttak, jf. utviklinga i alminneleg forbruk i kommunen.

Innkjøpspris (OED-pris) for 2019 er fastsett til 10,99 øre/gwh – ein reduksjon på 0,21 øre/gwh i høve 2018. Kostnadane med innmating etc. er vurdert til 2,5 øre/gwh – omlag 0,2 øre/gwh høggre enn 2018. Det vil sei at innkjøpskostnadane samla for 2019 er sett til 13,5 øre/gwh – det same som for 2018.

Vår prognosemodell tek utgangspunkt i systemprisen på evalueringstidspunktet. Vår kraft vert imidlertid selt i område 5 (Vest-Norge). Områdeprisen og systemprisen vil ofte avvike frå kvarandre – både positive og negative avvik. I tillegg har konesjonskrafta ein meirverdi som Markedskraft prøver å maksimera. Basert på erfaringar dei seinare åra samt utviklinga så langt i år vert desse samla vurdert til om lag 1,0 mill. kr. i netto gevinst i 2019.

Samla vert det tilrådd å ikkje endre prognosen for 2019 i 1. tertial.

Ny prognose for 2019 er:

	2019
Budsjett 2019	70,0
Ny prognose T1/19	70,0
Endring	0

Prognose 2020 – 2023

Ny prognose for åra 2020–2023 byggjer på oppnådd pris på allereie sikra volum samt marknadsprisar og valutaprisar pr. 30.04.19 for den delen av vår portefølje som ligg i spotmarknaden. Samanlikna med budsjetterte prisar i eksisterande økonomiplan er prisane for 2020 noko betre medan prisane for 2021-2023 er om lag på same nivå.

Ny prognose for åra 2020–2023 baserar seg elles på same grunnlag som ny prognose for 2019. Ved rullering av planperioden er år 2023 i utgangspunktet sett lik 2022.

Markedskraft sin prognosemodell viser fortsatt at marknaden er «underprisa» for produkta fram i tid, frå 5,7 EUR til 6,6 EUR for åra 2020-2023. Slik fylkesrådmannen vurderer det ligg difor ei relativ stor «oppside» i porteføljen – særskilt for åra ut i perioden - med utgangspunkt i Markedskraft sine prognosar.

	2020	2021	2022	2023
Økonomiplan 2020-2023	60,0	60,0	62,0	62,0
Ny prognose T1/19	70,0	65,0	65,0	65,0
Endring	10,0	5,0	3,0	3,0

I budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022 for Sogn og Fjordane fylkeskommune er det lagt inn eit «tak» på 50 mill. kr til bruk i driftsbudsjettet. Kva «ordning» som vert etablert i Vestland fylkeskommune frå 2020 med omsyn til bruk av konsesjonskraftinntekter i driftsbudsjettet er enno ikkje bestemt.